

# Utdeling av Prisar i Øystre Slidre

## Retningslinjer:

1. Øystre Slidre kommune vil gjerne heidre øystreslidringar som utmerkar seg særskilt. Det kan vere person(ar) eller lag som nyttar tid og evner til å skape det positive mangfaldet som utgjør kultur- og næringslivet i kommunen.

2. Kulturavdelinga innhentar forslag og legg dette fram for formannskapet, som vurderer kven som får prisane. Kulturavdelinga legg føringar for utdelingsarrangementet.

3. Dersom det ikkje er kandidat som utpeikar seg spesielt, kan kommunen velje å ikkje dele ut prisar/prisane. På same måte, når det er særskilde grunnar for det, kan prisar/prisane gå til fleire kandidatar.

4. Dersom det er kandidat som utpeikar seg, kan kommunen kvart år dele ut følgjande prisar:

Frivilligpris

Kulturpris

Næringspris

Ungdomspris

5. Innbyggjarane i Øystre Slidre blir oppmoda om å koma med framlegg til kandidatar. Kommunen kan velje fritt mellom kandidatar publikum har kome med framlegg om, og kandidatar kommunen sjølv meiner bør koma i betraktning.

Retningslinjene er gjeldande frå 01.04.2020